



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Deres ref

Vår ref

Dato

19/2584-16

20. mai 2020

Supplerande tildelingsbrev nr. 8 2020. Fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt

Samferdselsdepartementet viser til Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer, fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 22.02.2016, sist revidert 10.11.2017. Retningslinjene ligg på heimesidene til regjeringa.

Punkt 4 i retningslinjene skisserer søknadsprosessen for dei fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekta. I dette arbeidet har Statens hatt eit sentralt ansvar. Dette ansvaret tek utgangspunkt i organiseringa av Statens vegvesen slik etaten var organisert fram til siste årsskifte.

Frå Samferdselsdepartementet si side er det ønskjeleg at Statens vegvesen handsamar og kvalitetssikrar fylkeskommunale ferjeavløysingssaker i framtida og. Dette gjeld både prosjekt med og utan bompengefinansiering. For Statens vegvesen si handtering av bompengeprojekt på fylkesveg, viser departementet til supplerande tildelingsbrev for 2020 nr. 6 av 17. april i år. For fylkeskommunale prosjekt der både ferjeavløysingsmidlar og bompengar er del av finansieringa, er det ønskjeleg at bompengesak og søknad om ferjeavløysingsmidlar vert sendt frå fylkeskommunen til Statens vegvesen i ein og same ekspedisjon.

For ferjeavløysingsprosjekt, både med og utan bompengefinansiering, er det og ønskeleg med ei vurdering, kvalitetssikring og tilråding av Statens vegvesen, slik det går fram av dei eksisterande retningslinjene.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikksikkerhetsavdelingen

Saksbehandler
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Omorganisering av Statens vegvesen gjør at retningslinene må justerast, og opplegget med toledda sakshandsaming i Statens vegvesen fell bort. Kommuneproposisjonen for 2021, jf. Prop. 105 S (2019 – 2020), vedlegg 6 presenterer justerte retningsliner. Punkt 4.3, 4.4 og 4.6 i retningslinene, der det tidlegare var referanse til regionalt nivå i Statens vegvesen, er endra og erstatta med Statens vegvesen.

Med hilsen

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke h ndskrevne signaturer

Kopi
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Riksrevisjonen